



Interkommunalt  
politisk råd

Nord-Gudbrandsdal

SKJÅK LOM VÅGÅ SEL DOVRE LESJA

# Årsmelding 2025



# Innhold

<b>1. Forord</b> .....	3
<b>2. Satsingsområde 1 – ARBEIDSPASSAR</b> .....	4
2.1. Felles nærings samarbeid (6K Næring) .....	4
2.1.1. Styrk – Internship Gudbrandsdalen .....	4
2.2 Utdanning og fagopplæring .....	5
2.2.1. Karriere Innlandet Gudbrandsdal .....	5
2.2.2. Utdeling av fag og svennebrev .....	8
2.3. Praksiskoordinator .....	9
2.3.1. Bakgrunn og formål .....	9
2.3.2. Pilot praksiskontor .....	9
2.3.3. Praksisplassar .....	10
2.3.4. Fagutvikling og veiledningskompetanse .....	10
2.3.5. Eksterne tilskot og veiledningstiltak .....	10
2.4. Gudbrandalstinget .....	11
2.5. Økonomisk støtte til kulturbasert næringsutvikling .....	12
2.6 Kommunal tenesteutvikling .....	13
2.6.1. Smart Velferdsregion .....	13
2.6.2. Tryggleik og meistring for eldre .....	14
2.6.3. Digital heimeoppfølging .....	14
2.6.4. Folk med medfødt eller tidlig erverva funksjonsnedsettelse .....	15
2.6.5. Innolab .....	16
2.6.6. Digital tilsyn for bærekraftige helse-og omsorgstjenester i Nord-Gudbrandsdal .....	17
2.6.7. Kompetanse .....	17
<b>3. Satsingsområde 2 – KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR</b> .....	19
3.1. Nasjonal transportplan 2025-2036 .....	19
3.2. Beredskap .....	19
3.3. El-fly .....	20
3.4. Status breiband i Nord-Gudbrandsdalen .....	21
<b>4.0 Satsingsområde 3- ATTRAKTIVITET</b> .....	24
4.1. Arbeid og bustad .....	24
4.1.1. Boligtorget i Nord-Gudbrandsdal .....	24
4.1.2. «E æ aktiv, æ du?» .....	25
4.1.3. Stillings- og Læringsleppet/Jobbmesse .....	26
4.1.4 Styrka frivillighet i Nord-Gudbrandsdal .....	28
4.2. Ung i Nasjonalparkriket .....	31
4.2.1. Ung i reiselivet .....	31
4.2.2. Ung kultur Møtes (UKM) .....	32
4.2.3. Regionmesse for elevbedrifter i Nord-Gudbrandsdal .....	33
4.3 Medlemskap i nettverk .....	34
4.3.1. Fjellnettverket .....	34
4.3.2 Ungt Entreprenørskap .....	34
4.3.3. HelseInn .....	35
<b>5. Regionalt samarbeid</b> .....	36
5.1. Administrative samarbeidsorgan .....	36
5.2. INSAM .....	36
5.3. Interkommunalt samarbeid .....	37
<b>6. Økonomiske nøkkeltall</b> .....	38
6.1. Økonomi og bemanning .....	38
6.2. Partnerskapsmidler .....	40
<b>7. Råd og utvalg</b> .....	41
7.1. Representantskapet 2024-2027 .....	41
7.2. Regionstyret .....	42

## 1. Forord

*Årsmeldinga for Interkommunalt Politisk Råd Nord-Gudbrandsdal viser med all tydelegheit kva ein kan oppnå ved å arbeida saman regionalt. IPR bidreg til fagleg samordning i regionen der kommunar og fylke må bruke knappe ressursar mest mogleg effektivt. Arbeidet ein ser er utført innan dei ulike satsingsområda referert i årsmeldinga viser den breie samhandlinga IPR må ha med mange lokale og regionale aktørar for å oppnå måla i strategiplanen.*

Hovudoppgåva til IPR Nord-Gudbrandsdal er likevel den politiske samordninga. Her arbeider IPR for å fremme felles interesser og utforske mogleghetsrommet for samfunnsutvikling. Regionens synspunkt får lettare gjennomslag når vi opptre samla med felles strategiar og mål for politisk påverknad. Store singlar i år er vedtak om bygging av Mjøssjukehus, Strynefjellstunelane inn på NTP, etablering av forskningsprosjekt på jerv-beitedyr problematikken, endringane i viltressursloven og grunnrentebeskatting på kraftverk.

Det er ikkje alltid vi klarar å eines om sakar, slik som vidaregåande skule i Nord-Gudbrandsdalen. Det er naturleg da det handlar om politikk, og vi

er ein region med store avstandar. Likevel må vi i etterkant av ueinigheiter samle oss om felles mål for regionen, noko alle har eit sjølvstendig ansvar for. Aller sterkast står vi når vi er samla.

Eg vil nytta anledninga til å takke medarbeidarane ved IPR for engasjement og alt arbeid som er lagt ned i eit noko ekstraordinært år med vakante stillingar og skifte av dagleg leiar. Eg vil berømme den vesle staben for tillitsfullt å følgje opp vedtak om å halda stilling vakant for at IPR i større grad kan bidra finansielt inn i samarbeid med andre regionale aktørar. Dette har medført ekstra arbeid og nye arbeidsoppgåver.

**Harald Sve Bjørndal**  
**-regionrådsleiar-**

## 2. Satsingsområde 1 – ARBEIDSPASSAR

### 2.1. Felles nærings samarbeid (6K Næring)

*Næringsapparatet i Nord-Gudbrandsdal har eit tett og etablert samarbeid på tvers av kommunegrensene innanfor næringsutvikling og arbeid med bulyst og tilflytting. Samhandlinga mellom kommunane og regionadministrasjonen legg til rette for ei meir samordna og målretta innsats i regionen.*

Den overordna målsetjinga er å styrkje Nord-Gudbrandsdal som ein attraktiv region for tilflytting, samt eit godt etableringsområde for både eksisterande verksemdar og nye næringsinitiativ. Dette arbeidet blir vidareført gjennom eit meir forpliktande, strukturert og langsiktig samarbeid knytt til næring og samfunnsutvikling.

Nord-Gudbrandsdal er eit stort geografisk område som strekkjer seg frå Otta og innover to ulike dalføre. Avstandar og lokale behov kan føre til at næringsarbeidet i kvar kommune i periodar blir prega av interne prosjekt. Samarbeidet på regionalt nivå er derfor viktig for å sikre heilskapleg utvikling og styrka innsats på tvers av kommunegrensene.

Statistikk viser at Nord-Gudbrandsdal i stor grad fungerer som ein felles arbeids- og bustadregion, trass i at området er delt inn i seks kommunar og to dalføre. Som ein distriktsregion i Innlandet har dette forsterka behovet for å tenkje nytt innanfor nærings- og samfunnsutvikling. Regionen kjem dårleg ut på fleire nasjonale indikatorar, og både folketalsutvikling og sysselsetting viser ei nedgåande trend. Konkurransen om etableringar og tilflytting er stor, og regionen er tydeleg påverka av sentralisering og fråflytting.

Næringsmedarbeidarane i kommunane er sentrale ressursar i arbeidet med å gjennomføre dei tiltaka som er vedtekne i regionrådet sin strategiske plan, og spelar ei viktig rolle i den vidare utviklinga av regionen.

#### 2.1.1. Styrk – Internship Gudbrandsdalen

*Internship Gudbrandsdalen vart etablert i 2023 og har sidan vore vidareført som eit viktig kompetanse- og rekrutteringstiltak for heile Gudbrandsdalen. Ordninga har som mål å gi studentar relevant og verdifull arbeidserfaring, vere verdiskapande for arbeidsgjevarane og bidra til at deltakarane blir gode ambassadørar for regionen som arbeids- og bustadstad.*

For å tydeleggjere det regionale perspektivet og omfanget av satsinga, vedtok styret i desember 2024 å endre namnet på omstillingsprogrammet til STYRK. Internship-ordninga nyttar framleis namnet Internship Gudbrandsdalen, då tiltaket omfattar arbeidsgjevarar frå både Nord- og Midt-Gudbrandsdal og har heile dalføret som nedslagsfelt.

I 2025 deltok 20 studentar og åtte arbeidsgjevarar i Internship Gudbrandsdalen. Arbeidsgjevarane var lokaliserte i Lom, Vågå, Sel og Nord-Fron. Av dei

åtte arbeidsgjevarane var sju private verksemdar, medan Sel kommune var einaste kommunale arbeidsgjevar og hadde tre interns i 2025. Internship Gudbrandsdalen inngår som ein del av det langsiktige arbeidet med kompetansebygging, rekruttering og bulyst i regionen, og er eit døme på korleis offentleg og privat sektor kan samarbeide for å styrkje attraktiviteten og tilgangen på kompetanse i Gudbrandsdalen.

## 2.2 Utdanning og fagopplæring

### 2.2.1. Karriere Innlandet Gudbrandsdal

#### Fakta om senteret

Lene Jevnheim (leiar), Svanhild Krukhaug Vatn, Lars Petter Nyhus, Grete Lille seter, Inger Lise Widme, Ann-Birgit Skomakerstuen, Marlaug Elda Dokken, Eva Britt Riise og Therese Hoel Mork.

#### Oppgaver

- Karriere- og studierettleiing
- Vidaregåande opplæring for vaksne
- Koordinering, utvikling og styrking av utdannings- og yrkesretteiing i grunnopplæringa
- Tilrettelegging for fagskule/høgare utdanning
- Nettverksutvikling og registrering av kompetansebehov

#### Regionalt Kompetanseforum

Ivar Vistekleiven har vore leiar av Regionalt kompetanseforum for Nord-Gudbrandsdal delar av 2025. Marita Aaheim tok over på slutten av året og vil halde fram som leiar for kompetanseforumet.

#### Forumet har følgende medlemmer:

- Kristin Undseth, rektor Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule
- Pål Bertil Eide, representant for kommunane
- Lene Jevnheim, Karriere Innlandet Gudbrandsdal
- Merete Olstad Sylte, NAV
- Jarleif Haugen, NAV
- Ingvill Høgvoll, Opplæringskontoret Gudbrandsdal
- Mari Grasbakken, Gudbrandsdal næringsforening

Regionalt kompetanseforum er strategiske samarbeidsarenaer for utdanning, arbeids- og næringsliv. Målet er å styrkje kompetanseutviklinga i regionen gjennom felles innsikt, lokal forankring og koordinert innsats, og vere ein aktiv del av fylkeskommunen sitt strategiske arbeid. I 2025 har utvalet hatt fem møte. Tre felles møte med

kompetanseforum i Midt-Gudbrandsdal og to møte for Nord-Gudbrandsdal.

#### Sentrale saker i 2025

- Kompetansetiltak for lokalt næringsliv og kommunar
- Tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne
- Alternative opplæringsmodellar fram mot fagbrev, mellom anna modulstrukturert opplæring
- Fleksibel og desentralisert fag- og høgskuleutdanning
- Integrering og opplæring av flyktningar med fokus på norsk språk
- Revidering av mandatet for regionalt kompetanseforum

#### Studieaktivitet i 2025

##### YRKESFAG

53 vaksne frå Nord-Gudbrandsdal over 25 år har avlagt fagprøve i perioden. Dei fleste kandidatane som har avlagt fagprøve i sitt fag, har hatt rettleiing/opplæring ved karrieresenteret.

Dei fordeler seg kommunevis slik:

SEL	17
VÅGÅ	14
LOM	4
DOVRE	9
LESJA	3
SKJÅK	6

Fagprøvene fordeler seg på 24 sluttkompetansar. Dei tre største faga er helsearbeidarfaget, barne- og ungdomsarbeidarfaget og yrkessjåførfaget.

Lærefag	DOVRE	LESJA	LOM	SEL	SKJÅK	VÅGÅ	Totalsum
Anleggsmaskinførarfaget						1	1
Banemontørfaget				1			1
Barne- og ungdomsarbeidarfaget	1	1	1	1		1	5
Bilfaget, tunge kjøretøy				1		1	2
Bilskadefaget	1						1
Byggdrifterfaget					1	2	3
Dataelektronikerfaget						1	1
Elektrikerfaget				1			1
Energimontørfaget						1	1
Energioperatørfaget					1		1
Ernæringskokkfaget					1		1
Helsearbeidarfaget	1	2	1	5		3	12
Hjulustrustningsfaget				1			1
Industriell matproduksjon					1		1
IT-driftsfaget				1			1
Kokkfaget						1	1
Møbelsnekkerfaget	1						1
Renholdsoperatørfaget	3				1		4
Salgsfaget				1	1	1	3
Service- og administrasjonsfaget	1					1	2
Tømrerfaget			1				1
Veidrift- og veivedlikeholdsfaget	1		1	1			3
Yrkessjåførfaget				4		1	5
<b>Totalsum</b>	<b>9</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>17</b>	<b>6</b>	<b>14</b>	<b>53</b>

Mange vaksne innbyggjarar i regionen nyttar seg av tilbodet om teoriopplæring i grupper/klassar i regi av karrieresenteret. Vi tilbyr også rettleiing/individuell oppfølging for å ruste vaksne innbyggjarar til å ta fagbrev på eiga hand.

I 2025 har vi tilbod i salgsfaget med 17 deltakarar. Dette er desentralisert, og undervisninga går føre

seg i Lom og på Vinstra, samt helsearbeidarfaget med 20 deltakarar, der 15 er busette og jobbar i Norddalskommunane. I tillegg har vi ei gruppe i yrkessjåførfaget. Desse vil etter fullført og bestått opplæring kunne avleggje fag- og sveineprøve i sine fag.

Vi er godt i gang med den relativt nye ordninga modulstrukturert opplæring. Vi har deltakarar i

helsearbeidarfaget, reinhaldsoperatørfaget og salgsfaget.

Byggdriftarfaget er eit fag som Karriere Innlandet Gudbrandsdal tilbyr for heile Innlandet fylke, med undervisning på Teams kombinert med nokre fysiske samlingar. I 2025 hadde vi 15 deltakarar, mellom anna norddølar som tek med seg nyttig kunnskap tilbake til kommunane dei arbeider i.

### **GENERELL STUDIEKOMPETANSE**

Karrieresenteret tilbyr seks fag (norsk, matematikk, naturfag, engelsk, samfunnskunnskap og historie). Tilbodet er organisert på ulike måtar i faga som blir tilbydde. For deltakarar med anna morsmål har vi tilbod om styrking av norsk.

Det er 17 personar frå Nord-Gudbrandsdalen på fellesfag til generell studiekompetanse i skuleåret 2025–2026.

### **FAG- OG HØGSKOLEUTDANNING**

2025 var året for å avslutte to desentraliserte fagskuleutdanningar. I juni vart det uteksaminert 10 studentar i demens- og alderspsykiatri. Åtte av desse er busette og jobbar i Nord-Gudbrandsdal.

I desember vart det uteksaminert seks studentar i tverrfagleg miljøarbeid innan rus og psykisk helse, alle busette og arbeidande i Nord-Gudbrandsdalen. Haust 2025 starta eit nytt kull i «Demens- og alderspsykiatri», som vil gå dei neste to åra.

Karriere Innlandet Gudbrandsdal har dette året hatt fokus på å leggje til rette for desentralisert etter- og vidareutdanning. Fagskulen tilbyr i dag «Demens- og alderspsykiatri». Det blir arbeidd kontinuerleg med å få på plass andre større og mindre vidareutdanningar på fagskulenivå.

I 2024 vart det reetablert og starta opp desentralisert sjukepleiarutdanning gjennom Universitetet i Innlandet.

Per dags dato er det 11 førsteårsstudentar og 11 andreårsstudentar frå Nord-Gudbrandsdal som er knytte til Universitetet i Innlandet

### **STUDIE- OG KARRIEREVEILEDNING**

Arbeidsmarknaden er i endring og har behov for fleksibilitet, høgare kompetanse, omstilling og effektivitet. Karrieresenteret tilbyr karriererettleiing og studierettleiing slik at innbyggjarane kan ta gode val om opplæring og arbeid. Dette er eit gratis tilbod for alle. Rettleiingssøklarane fordeler seg slik::

Kommune	Antall
Sel	72
Vågå	38
Dovre	30
Lom	9
Lesja	6
Skjåk	13

Det er ein klar overvekt av kvinner som søker rettleiing, og hovuddelen er rettleiingssøklarar frå Noreg. Det er om lag 45 er flyktningar som har fått rettleiing hos oss. Det er elles ei jamn aldersfordeling, med naturleg færrast blant dei yngste og eldste. Mange av rettleiingssøklarane har hatt fleire samtalar og oppfølging over både kortare og lengre tid. Karrieresenteret har tett samarbeid med NAV, og ein del er viste vidare derifrå

## 2.2.2. Utdeling av fag og svennebrev

Fag- og svennebrevutdelinga for Nord-Gudbrandsdal 2025 vart arrangert på Otta kulturhus onsdag 5. november. Lene Jevnheim, leiar i Karriere Innlandet Gudbrandsdal, var konferansier.



Arrangementet opna med velkomst ved Harald Sve Bjørndal, regionrådsleiar i Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal. Programmet inneheldt kulturelle innslag frå elevbedrifta Spilopp UB ved Vinstra vidaregåande skule, samt tale ved Mari Grasbakken, leiar i Gudbrandsdal Næringsforening. Utdeling av fag- og svennebrev vart gjennomført av Grete Lilleseier frå Karriere Innlandet Gudbrandsdal og Ingvill Høgvoll frå Opplæringskontoret Gudbrandsdal. Arrangementet vart avslutta med intervju av fagarbeidarar og sosial samling med kaffe og kake.

Det var totalt 90 påmelde, med utdeling av fag- og svennebrev til 29 stk.

*Frå utdelinga av fag og svennebrev .  
Foto: Grete Lilleseier*



*Frå utdelinga av fag og svennebrev.  
Foto: Grete Lilleseier*

## 2.3. Praksiskoordinator

### 2.3.1. Bakgrunn og formål

Tilstrekkeleg og kompetent personell er ein føresetnad for at kommunane skal kunne tilby helse- og omsorgstenester av god kvalitet. Rekruttering av helsepersonell, særleg sjukepleiarar, er ei aukande utfordring, samstundes som ei aldrande befolkning gjev større behov for helse- og omsorgstenester. Avgrensa tilgang på praksisplassar reduserer utdanningskapasiteten, og det er behov for både fleire og betre praksisplassar i kommunane for å møte framtidige behov.

Gjennom regjeringa si satsing Kompetanseløft 2025 skal kommunane sikrast tilstrekkeleg og kompetent bemanning. Tilskotsordninga Kompetanse- og tenesteutviklingstilskot, forvalta av Statsforvaltaren, skal støtte lokale utviklingsprosjekt i tråd med tillitsreforma. Som ein del av dette arbeidet tok Statsforvaltaren i Innlandet initiativ til eit pilotprosjekt for etablering av regionale praksiskontor, i samarbeid med Høgskolen i Innlandet (INN), Innlandet fylkeskommune og utvalde regionar (Valdres, Nord- og Midt-Gudbrandsdal samt Gran kommune).



*Praksiskoordinatorane i Midt- Gudbrandsdal; Silje Enger Lillesandbu og praksiskoordinator i Nord Gudbrandsdal Randi Merethe Randen under fagdagen på Otta 30/9 (Foto Anne Marthe Zetterwall).*

### 2.3.2. Pilot praksiskontor

Prosjektet pilot praksiskontor vart starta opp i region Nord-Gudbrandsdal i januar 2025, med ei prosjektperiode på tre år. Prosjektet er finansiert av Statsforvaltaren i Innlandet, og målet er å etablere ei varig driftsløysing etter endt prosjektperiode.

Ei sentral oppgåve for praksiskoordinatorane har vore å utvikle og halde oversikt over alle kommu-

nale praksisplassar innan helse- og sosialfaglege utdanningar. Rolla fungerer som eit bindeledd mellom praksisansvarlege ved utdanningsinstitusjonane og kommunane sine verksemdsleiarar, avdelingsleiarar og praksisretteleiarar. I tillegg har stillinga hatt fokus på fagutvikling og rekruttering.

### 2.3.3. Praksisplassar

Det har i prosjektets første år vore lagt ned eit omfattande arbeid for å auke talet på praksisplassar, med hovudvekt på sjukepleiestudentar. Behovet har vore særleg stort innan sjukeheimspraksis, då praksisplassane til deltidstudentar frå INN Elverum kjem i tillegg til praksisplassar nytta av NTNU Gjøvik. God dialog og tett samarbeid med avdelingsleiarar ved institusjonane har vore avgjerande for å auke kapasiteten, og ein ser no positive resultat av dette arbeidet.

Det er vidare gledeleg å registrere ei auke i talet på sjukepleiestudentar frå vår region.

### 2.3.4. Fagutvikling og veiledningskompetanse

Våren 2025 vart det gjennomført ei kartlegging av talet på tilsette i helse- og omsorgstenestene i dei seks kommunane med formell kompetanse innan veiledning. På bakgrunn av kartlegginga vart det arbeidd vidare med å styrke veilederkompetansa gjennom kompetansehevingstiltak.

Dette resulterte i eit regionalt samarbeid mellom praksiskoordinatorane i Nord- og Midt-Gudbrandsdal om gjennomføring av ein fagdag for veiledarar. Fagdagen vart arrangert i Innolaben på Otta 30. september 2025, med deltakarar frå institusjonar og heimetenester i ni kommunar. Foredragshaldarar var Mette Ødegård frå Sjukehuset Innlandet og Anne Marthe Dahl Zettervall frå Fagskolen Innlandet.

I tillegg vart det arrangert tre oppsamlingsdagar i Lom, Dovre og på Vinstra.

Deltakarane peikte særleg på verdien av gruppearbeid, refleksjon og erfaringsdeling som viktige

### 2.3.5. Eksterne tilskot og veiledningstiltak

Dei fire praksiskoordinatorane i prosjektet søkte våren 2025 om midlar frå Helsedirektoratet til veiledning av studentar og tilsette. Totalt fekk dei 16 kommunane som deltek i pilotprosjektet tildelt 700 000 kroner.

Tilskotet er nytta til frikjøp og godtgjering av veileidarar med studentansvar innan sjukepleie helsefag

For fyrste gong i Nord-Gudbrandsdal vart det i 2025 planlagt og starta opp medisinsk praksis for sjukepleiestudentar i kommunehelsetenesta. Dette arbeidet vart organisert i samarbeid med Dovre kommune. Prosessen har vore både læringsrik og positiv, og har synleggjort potensialet kommunane har til å tilby medisinsk praksis som eit alternativ til sjukehus. Samarbeid på tvers av kommunane og med det lokalmedisinske senteret på Otta, har vore ein viktig del av gjennomføringa. Praksisperioden er godt i gang, og tilbakemeldingane frå både studentar og rettleiarar er så langt svært positive.

læringsformer. Innhaldet gav auka forståing for veilederrolla som vi vonar inspirerte til vidare utvikling som veileidar. Samla sett vart fagdagane vurderte som eit positivt og nyttig bidrag til styrking av veiledningskompetansen.



*Anne Marthe Dahl Zettervall under fagdagen i veiledning på Otta 30/9. Foto: Randi Merethe Randen*

og vernepleie. Det vart også nytta til finansiering av fagdagar innan veiledning i regionane. I tillegg vart det arrangert ein kick-off i forkant av oppstart av medisinsk praksis, med mål om å førebu veiledarane på mottak av sjukepleiestudentar i denne praksisforma.

## 2.4. Gudbrandalstinget

*Gudbrandsdalstinget har sidan etableringa i 2018 vore ein viktig møteplass for politisk dialog og samarbeid på tvers av kommunane i Gudbrandsdalen. I løpet av 2025 vart det gjennomført ei brei politisk handsaming i alle kommunestyra i dalføret om framtidig organisering av Gudbrandsdalstinget.*

Hausten 2025 vedtok kommunane at Gudbrandsdalstinget skulle avviklast i den forma det hadde hatt fram til då. Samstundes var det brei semje om behovet for å vidareføre ein felles politisk arena for Gudbrandsdalen, der kommunane og Innlandet fylkeskommune kan ta opp saker av felles interesse, styrkje samarbeidet og stå meir samla i møte med statlege styresmakter, næringsliv, forskings- og utviklingsmiljø og andre samfunnsaktørar.

På bakgrunn av kommunestyrevedtaka har dei tre interkommunale politiske råda i Gudbrandsdalen,

Lillehammer-regionen, Midt-Gudbrandsdal og Nord-Gudbrandsdal i 2025 vedteke å vidareføre Gudbrandsdalstinget som fellesmøter mellom dei tre IPR-ane. Det er lagt opp til to årlege fellesmøter.

Fellesmøta skal vere ein politisk arena for dialog, samordning og felles posisjonering i saker som er viktige for heile Gudbrandsdalen. Møta vert gjennomførte i tråd med kommunelova sine reglar for folkevalde organ, der kvart IPR er ansvarleg for eiga innkalling, saksbehandling og protokollføring. Eventuelle felles uttaler vert vedtekne av kvart råd.

## 2.5. Økonomisk støtte til kulturbasert næringsutvikling

Søker	Prosjekt/tiltak	Tildelt
Otta Motorfestival	Otta Motorfestival	30 000
Otta Handels- og Næringsforening	Ottamartnan	35 000
Diktardagar	Diktardagar	40 000
Vågå Ull AS	Ullinsvin Ullfestival	10 000
Ottaløpet	Ottaløpet	10 000
Dombås Bridgeklubb	NM finale bridge lagspill	5 000
Kultur Companiet	Traktorrock	40 000
Lesja Dovre Danseteam	LDD sommer Dance Camp	10 000
Jon Ole Olstad	Dancing In The Wild	20 000
Trollhøe Høkkers	Høkkers freeride og klubbmesterskap	30 000
Sel teaterlag	Kristinspelet	40 000
Killi Kunst og Dekormaling ENk	Kunst i min hage	10 000
Lom idrettslag	Rusfri ungdomskveld i Presthaugen	5 000
Lom idrettslag	Lomsturnering	10 000
Studieforbundet Kultur og tradisjon	Konferanse: Bærekraftig samfunnsutvikling, frivillige organisasjoner og sivilsamfunn	5 000
Senter for bygdekultur, Hjerleid	Hjerleidutstillingen	30 000
Studie Amble	Fotoutstilling Foksstugu	5 000
Norsk Fjellsenter	Lom Skifestival	30 000
Dovre og Lesjaigminnesamling	Åpen dag: 30 års jubileumsmarkering	5 000
Visit Gjende	Gjendefestivalen	30 000
Senter for bydekultur; Hjerleid	TREseminaret	30 000
Pilegrimssenter Dovrefjell	Kongefestivalen	30 000
Bekken Teaterverksted	Jø, så fyse! Historien om Solan, Ludvig og Kjell	30 000
Scene Gudbrandsdal	Arven- Spelet om Pillarguri	40 000
Galleri Ullinsvin AS	Ullinsvin utvikling	10 000
Markens Grøde Lesja	Markens Grøde Lesja	30 000
Company B. Valiente	Re:Connect før og nå	20 000
Lesja Sau og Geit	Veddrock	10 000

## 2.6 Kommunal tenesteutvikling

### 2.6.1. Smart Velferdsregion

Hovudmålet til Smart Velferdsregion er at innbyggjarane i Nord-Gudbrandsdal, uavhengig av alder, funksjonsnedsetting eller bustad, skal motta etablerte velferdsteknologitenester. Der tiltaka er vurderte til å bidra til auka sjølvstendigheit, meistring og tryggleik.

I 2025 har arbeidet i Smart Velferdsregion vore organisert gjennom fleire arbeidspakker som til saman understøttar dette målet.



## 2.6.2. Tryggleik og meistring for eldre

Denne arbeidspakka er ikkje lenger eit regionalt prosjekt, men er overført til drift i alle dei seks kommunane. Tiltaka omfattar mellom anna arbeid med felles velferdsteknologiplattform, tryggleiksalarmar, medisindispenserar og andre etablerte løysingar. Sjølv om arbeidspakken no

ligg i ordinær drift, har det i 2025 vore stort fokus på erfaringsdeling mellom kommunane for å sikre felles læring, vidareutvikling og god praksis på tvers av kommunegrensene.

## 2.6.3. Digital heimeoppfølging

*Digital heimeoppfølging er eitt av dei sentrale satsingsområda i Smart Velferdsregion og inngår som eit viktig verkemiddel for å møte framtidige behov i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Målet med arbeidet er å bidra til betre pasientforløp, auka tryggleik og meistring for innbyggjarane, samt meir berekraftig bruk av ressursar i helse- og omsorgstenestene.*

Vågå kommune er søkjarkommune for prosjektet på vegne av 22 kommunar i Innlandet. Prosjektet er forankra i Helsefellesskap Innlandet og er det største samhandlingsprosjektet mellom kommunane og Sykehuset Innlandet i regionen. Ved oppstart i 2022 deltok 18 kommunar, medan prosjektet i 2025 omfattar 22 kommunar, inkludert større bykommunar som Lillehammer og Elverum.

I startfasen var prosjektet i stor grad diagnosespesifikt, med hovudvekt på KOLS, hjarte- og karsjukdomar, tidleg demens og lett til moderat depresjon. Gjennom prosjektperioden har det skjedd ei tydeleg utvikling mot ei meir behovsbasert tilnærming, der digital heimeoppfølging blir vurdert ut frå kva den enkelte innbyggjar faktisk har nytte av, uavhengig av diagnose. Pasientgruppene omfattar no i hovudsak innbyggjarar med høgt forbruk av helsetenester, og inkluderingskriteria er retta mot kronisk og langvarig sjuke pasientar. Sykehuset Innlandet har i tillegg etablert fleire tenesteforløp innan digital heimeoppfølging, mellom anna innan

søvnapné, samt oppfølging av barn og unge med diabetes og epilepsi.

Erfaringane frå prosjektet viser fleire positive gevinstar. Pasientar som mottok digital heimeoppfølging rapporterer om auka tryggleik og betre meistring av eiga helse. Tidleg intervensjon har bidrege til redusert behov for legevakt og færre sjukehusinnleggingar. Kommunane ser samstundes gevinstar i form av betre ressursutnytting, auka kapasitet i heimetenestene og meir systematisk oppfølging av pasientane. Dette bidreg til meir berekraftige helsetenester og styrkjer samhandlinga mellom kommune- og spesialisthelsetenesta.

Samtidig viser erfaringane frå 2025 at vidare skalering av digital heimeoppfølging krev tilstrekkeleg kapasitet til handtering av varslar, alarmar og hendingar frå teknologien. Når oppfølginga blir organisert lokalt i kvar kommune, kan tenesta bli ei tilleggsteneste som legg press på allereie avgrensa personalressursar. På bakgrunn av dette



*Erfaringsseminar med Helsedirektoratet.  
Foto: Helsedirektoratet*

har kommunane i Nord-Gudbrandsdal arbeidd vidare med å vurdere ei meir robust og berekraftig organisering av oppfølgingstenesta.

I 2025 fekk region Nord-Gudbrandsdal tilskotsmidlar frå Statsforvaltaren til å greie ut moglegheita for ei felles regional oppfølgingsteneste for digital heimeoppfølging, knytt til Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter (NGLMS). Utgreiingsarbeidet har vurdert om eksisterande legevaktsentral og responscenter ved NGLMS kan nyttast som base for ei slik oppfølgingsteneste, med mål om betre ressursutnytting, styrka kompetansemiljø og meir berekraftig drift over tid.

Utgreiinga peikar på at ei regional løysing kan leggje til rette for betre handtering av varslar og

hendingar, samstundes som kommunane framleis har ansvar for inklusjon av brukarar, opplæring og teknisk oppfølging lokalt. Arbeidet med regional oppfølgingsteneste legg eit viktig grunnlag for vidare utvikling av digital heimeoppfølging i regionen. Dette vil bli følgt opp i komande fase i samarbeid mellom kommunane, NGLMS og Helsefellesskapet.

Prosessen knytt til utgreiing av regional oppfølgingsteneste for digital heimeoppfølging ved NGLMS har vore leia av Trude Øvergård i HelseInn, i samarbeid med ei arbeidsgruppe bestående av Anita Stokstad, koordinator helse- og mestrings-teknologi i Vågå kommune, Liv Randen, avdelingsleiar ved Nord-Gudbrandsdal legevakt og Terje Alnes, velferdsteknologikordinator i Sel kommune.

#### 2.6.4. Folk med medfødt eller tidlig erverva funksjonsnedsettelsar

*Satsinga på heilskaplege tenester for barn, unge og vaksne med medfødd eller tidleg erverva funksjonsnedsettingar har vore eit sentralt innsatsområde i Smart Velferdsregion fram til prosjektavslutning 31.12.2025. Arbeidet har synleggjort at det framleis kan vere krevjande å bryte ned etablerte siloar mellom helse- og oppvekstsektoren, samstundes som det er utvikla gode prosessar for å leggje til rette for meir samanhengande og heilskaplege tenester på tvers av fagområde og sektorar.*

I prosjektperioden har kommunane arbeidd systematisk med å utvikle ein heilskapleg tenestemodell, med vekt på tverrfagleg samarbeid og betre koordinering mellom tenester. Bruk av teknologi har gjeve betre føresetnader for kommunikasjon, struktur og meistring i kvardagen for brukarane. Det har òg vore auka merksemd på tidleg innsats, med mål om å sikre gode overgangar mellom barndom, ungdom og vaksenliv.

Dei viktigaste gevinstane frå satsinga er betre koordinering av tenestene, som gir meir samanhengande forløp for brukarane. Auka bruk av

teknologi har bidrege til større grad av sjølvstende og meistring i kvardagen, og samarbeidet mellom helse-, oppvekst- og utdanningssektoren er styrka. Dette har lagt eit betre grunnlag for heilskaplege og koordinerte tenestetilbod.

Prosjektet vart avslutta 31.12.2025, og arbeidet er vidareført som ein del av ordinær drift i kommunane. Vidare utvikling og forankring av tenestene skjer no gjennom kommunane sine eigne strukturar og rammes, med utgangspunkt i erfaringane og metodikken som er utvikla gjennom prosjektperioden.

*Foredragsholder Torstein Lerhol under konferansen Digital kraft; sammen for mestring og livsglede i Nord-Gudbrandsdal på Otta kulturhus 15.oktober. Bilde: Smelt Media.*



## 2.6.5. Innolab

*I 2024 vart det inngått ein partnarshapsavtale mellom Sel kommune/6K, HelseINN og Innlandet fylkeskommune, og avtale om bruk av areal, inventar og utstyr ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule vart ferdigstilt. I 2025 har Innolab vore i ordinær drift og vidareutvikla som ein sentral innovasjonsarena for dei kommunale tenestene i Nord-Gudbrandsdal.*

Innolab er lokalisert ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, på Otta, og er eit samarbeid mellom Innlandet fylkeskommune, Interkommunalt politisk råd, HelseINN og kommunane i regionen. Lokaliseringa legg til rette for eit tett samspel mellom innovasjon, utdanning og praksisfelt, og gir gode føresetnader for kompetanseutvikling og rekruttering.

Gjennom 2025 har Innolab vore ein viktig ressurs for kommunane i arbeidet med utvikling, utprøving og implementering av nye tenestemodellar. Arenaen har lagt til rette for kompetanseheving, samskaping og testing av nye løysingar i samarbeid

med helsepersonell, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og teknologileverandørar. Aktivitetane har hatt særleg fokus på meistringsteknologi, digital helsekompetanse og tenesteinnovasjon.

I tillegg har Innolab vore arena for fleire kompetansehevande kurs og tiltak retta mot psykologisk tryggleik, arbeidsmiljø og sjølvleiing. Desse tilboda har vore svært etterspurde, med lange ventelister, og har fått svært gode tilbakemeldingar frå alle kommunane i regionen samt frå samarbeidspartnarar. Tiltaka har bidrege til styrka kompetanse innan endringsarbeid og arbeidsmiljø i kommunane.

*Dagskurs i innovasjon og teamarbeid.*



Samarbeidet med vidaregåande skule har bidrege til å styrkje rekrutteringa og auke interessa for helserelaterte teknologi- og innovasjonsløysingar blant elevar. I løpet av året har Innolab vore nytta til fagdager, seminar, workshops og interne utviklingsprosessar i kommunane og hos samarbeidspartnarar. Det har vore arbeidd med utvikling av tenesteforløp, testing av teknologi og systematisk kompetanseheving.

Erfaringane frå 2025 viser at Innolab har styrka samhandlinga mellom kommunane, spesialisthelsetenesta og utdanningsinstitusjonane. Dette har bidrege til auka kompetanse innan innovasjonsmetodikk og implementering av ny teknologi i helse- og omsorgstenestene. Engasjementet blant tilsette og innbyggjarar har vore stort, og har bidrege til betre forståing for endringsarbeid og nye arbeidsmåtar i tenestene.

## 2.6.6. Digitalt tilsyn for bærekraftige helse- og omsorgstjenester i Nord-Gudbrandsdal

*I 2025 har kommunane i Nord-Gudbrandsdal starta opp eit felles arbeid med digitalt tilsyn som del av Smart Velferdsregion. Digitalt tilsyn skal gjere det mogleg å gjennomføre nattlege tilsyn utan fysisk oppmøte, der dette er fagleg forsvarleg og vurdert som tenleg for den enkelte brukar. Målet er å auke tryggleiken for brukarane, redusere behovet for nattarbeid og bidra til meir effektiv bruk av ressursar i helse- og omsorgstenestene.*

Arbeidet med digitalt tilsyn har hatt fokus på å endre arbeidsprosessar i kommunane og leggje til rette

for meir berekraftig organisering av tenestene. Piloteringa har vore retta mot institusjon, miljøarbeidartenester og heimebaserte omsorgstenester. I oppstartsfasen var det lagt opp til to småskalautprøvinger med 8–10 digitale tilsyn per kommune før vidare oppskalering.

Ved prosjektstart var det ingen digitale tilsyn i drift. Pr. November 2025 er det etablert 37 digitale tilsyn i institusjon. Det er gjennomført anskaffing av løysing, samt nødvendig dokumentasjon knytt til ROS-analyse, DPIA, samtykkeerklæringar og informasjonsmateriell til tilsette, brukarar og pårørande. Det er også gjennomført opplæring i fire av dei

seks kommunane, og planlagt vidare oppskalering i desse kommunane innan fleire tenesteområde.

Erfaringane frå arbeidet viser fleire positive gevinstar. Digitale tilsyn har bidrege til mindre uro i avdelingane, redusert bruk av beroligande medikament på natt, og betre arbeidsforhold for tilsette. Arbeidet med digitalt tilsyn er organisert regionalt i prosjektperioden. Frå 2026 er digitalt tilsyn planlagt vidareført som kommunale tiltak i ordinær drift, basert på erfaringane frå det regionale samarbeidet.

## 2.6.7. Kompetanse

*Kompetanseutvikling har vore ein gjennomgåande og sentral del av arbeidet i Smart Velferdsregion, og fungerer som ei understøttande arbeidspakke for alle dei øvrige innsatsområda. Målet med kompetansearbeidet er å sikre felles forståing, styrka fagleg tryggleik og gode føresetnader for implementering og drift av nye løysingar i kommunane.*

Prosjektteamet har over tid nytta studieturar, erfaringsdeling og faglege møteplassar som verkemiddel for kompetanseheving. Tidlegare studieturar og erfaringsinnhenting frå andre kommunar og fagmiljø har gjeve verdifull innsikt i

både teknologiske løysingar og endringsprosessar knytt til utvikling av helse- og omsorgstenester. Desse erfaringane har vore viktige for vidare arbeid i regionen.



*Workshop i Innolaben. Foto: Marita Aaheim*

Ein viktig del av kompetansearbeidet i 2025 var konferansen **Digital drivkraft**, som vart arrangert 15. oktober. Konferansen samla deltakarar frå kommunane, samarbeidspartnarar og regionale aktørar, og hadde særleg fokus på digital transformasjon, endringsleiing og berekraftig utvikling av kommunale tenester. Konferansen bidrog til felles forståing, inspirasjon og styrka nettverk på tvers av kommunane, og vart opplevd som eit relevant og nyttig kompetansetiltak for regionen.

I 2025 har kompetansearbeidet i Smart Velferdsregion i større grad vore retta mot felles læring, implementering og drift. Aktivitetane i Innolab

har vore ein sentral arena for dette arbeidet, både gjennom samskaping, kunnskapsdeling og utprøving av nye løysingar. Samstundes har kommunane gjennom heile året arbeidd systematisk med gevinstrealisering som ein integrert del av kompetansearbeidet. Dette har omfatta identifisering, dokumentasjon og oppfølging av gevinstar knytt til både tenestekvalitet, ressursbruk og endra arbeidsprosessar ved innføring av nye løysingar. Arbeidet har bidrege til auka forståing for sammenhengen mellom teknologi, organisering og faktisk effekt i tenestene, og har styrka grunnlaget for vidare implementering og prioritering av tiltak.

*Innovasjonsrådgjevar i IPR, Marita Aaheim i paneldebatt på konferanse, Elverum.*



## 3. Satsingsområde 2 – KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR

### 3.1. Nasjonal transportplan 2025-2036

Den nye Nasjonal transportplan (NTP) for perioden 2025–2036 blei vedteken i mars 2024. Planen har eit tydeleg fokus på vedlikehald og oppgradering av eksisterande transportinfrastruktur, med særleg vekt på fylkesveggar, skredsikring og tiltak for å redusere forseinkingar på jernbanen. Dette er sentrale grep for å styrkje både samfunnstryggleik og beredskap, og for å møte utfordringar knytte til ekstremvêr og militær mobilitet.

For Nord-Gudbrandsdal inneber NTP ei betydeleg satsing på Dovrebanen, med planlagde investeringar på om lag 10 milliardar kroner. Målet er å forbetre jernbanetilbodet og styrkje sambandet gjennom regionen. Innlandet fylkesting har samstundes peika på behovet for auka statlege tilskot til fylkesvegane, og har foreslått ei styrking av tilskotsordninga med 5 milliardar kroner årleg over ein periode på 12 år. Dette er viktig for å sikre framkome, trafikktryggleik og beredskap, særleg i distriktsregionar som Nord-Gudbrandsdal.

Vidare legg NTP vekt på å fullføre pågåande prosjekt, mellom anna bygging av nye tunnelar på Strynefjellet. Dette vil betre vegsambandet mellom Austlandet og Vestlandet, noko som òg har stor betydning for Nord-Gudbrandsdal som gjennomfartsregion.

Samla sett har NTP 2025–2036 eit tydeleg fokus på å styrkje og vedlikehalde eksisterande infrastruktur i Nord-Gudbrandsdal, gjennom investeringar i både veg- og jernbanenettet for å sikre betre framkome og auka beredskap.

### 3.2. Beredskap

Regional beredskapskoordinator er eit nytt tiltak i 2025, med Dovre kommune som vertskommune.

Målet med etableringa av regional beredskapskoordinator er å utvikle ein meir samordna, effektiv og robust totalberedskap i Nord-Gudbrandsdal. Funksjonen skal bidra til auka tryggleik i regionen og samstundes styrkje den enkelte kommunen gjennom tettare samarbeid og meir målretta utnytting av samla ressursar.

I tråd med nasjonale mål skal funksjonen bidra til å styrkje lokal motstandskraft og beredskapskultur. Koordinatoren samarbeider tett med Helsefellesskap Innlandet, der beredskap er eit prioritert satsingsområde, og bidreg til heilskaplege pasientforløp og styrkt tverrfagleg samhandling. Det er tildelt skjønnsmidlar til prosjektet.

*Foto: Asbjørn Lund,  
Statsforvalteren i Innlandet*



### 3.3. El-fly

Med utgangspunkt i tidlegare vurderingar har ein i 2024 følgd utviklinga innan el-fly, mellom anna gjennom arbeidet som har vore gjort i regi av Widerøe. Dette har skjedd utan vesentleg ressursbruk, då ein har lagt til grunn at den reelle nytteverdien av ny teknologi først vil kome på eit seinare tidspunkt.

Internasjonalt har teknologiutviklinga gått i tråd med forventningane. I dag er det fleire flyprodusentar som arbeider systematisk med el-fly og andre nye teknologiløysingar som kan vere relevante også for Nord-Gudbrandsdal. Tidsperspektivet for når teknologien kan vere klar for kommersiell drift er framleis vurdert til slutten av 2020-åra og inn i 2030-åra.

Etter oppkjøpet av Widerøe frå Norwegian har selskapet sitt program for framtidige luftfartsløysingar vorte betydeleg redusert, og er i praksis sett på pause som ein del av Norwegian's kostnadsreduserande tiltak. Nøkkelpersonar i satsinga har gått

vidare til andre roller utanfor selskapet. Sjølv om det finst andre initiativ på både norsk og nordisk nivå, har dette samla sett, sett utviklingsarbeidet i Noreg noko tilbake. Dette gjeld særleg når teknologi som er mest relevant for regionar som Nord-Gudbrandsdal.


Samtidig er mykje av konseptutviklinga og kompetansen som vart bygd opp gjennom Widerøe sitt program framleis tilgjengeleg. Det blir derfor sett på moglegheiter for å vidareføre arbeidet i nye former og under annan organisering.

For Nord-Gudbrandsdal blir det tilrådd å halde fram med å følgje utviklinga tett, for å byggje kunnskap og vere førebudd på å ta del i framtidige moglegheiter når teknologien og rammevilkåra ligg til rette. Dersom tidlegare arbeid blir reorganisert på ein formålstenleg måte og får ei innretning som er relevant for regionen, bør det vurderast å delta i dette.

*El-fly. Foto: Alexandr Dovianski, Vecteezy*



### 3.4. Status breiband i Nord-Gudbrandsdalen



Interkommunalt politisk råd har i tett samarbeid med dei seks kommunane sine, i fleire år arbeidd målretta mot å få full breibanddekning. I 2021 vart det frå nasjonalt hald sett opp ei målsetjing om at alle husstandar i Noreg skal ha tilgang til breiband med kapasiteten 100/10 Mbit/s innan utgangen av 2025. Nytt mål nasjonalt er 1Gbit/s til alle innan utgangen av 2030. Ved inngangen til 2025 har fem av seks kommunar i regionen meir enn 99% dekning på 100 Mbit/s.

IPR har avtale med ekstern konsulent om støtte til utarbeiding og koordinering av søknader om offentlig støtte, deltaking i forhandlingar ved konkurransar, planlegging og for-prosjektoppfølgning av pågåande utbyggingsprosjekt. Konsulenten arbeider saman med ein kontaktperson i kvar kommune og rapporterer til dei og dessutan til leiar i IPR.

Mottekne offentlege støttemidlar frå 2014 til 2025  
Regionen har totalt, sidan oppstart i 2014 av den statlege ordninga med støtte til breibandsutbygging, totalt motteke tilsegn om 53 millionar til utbygging. Oppland fylkeskommune og Innlandet fylkeskommune (frå 2020), har tildelt regionen nesten 12 millionar i støtte.

## Mottekne offentlege støttemidlar frå 2014 til 2025

Regionen har totalt, sidan oppstart i 2014 av den statlege ordninga med støtte til breibandsutbygging, totalt motteke tilsegn om 53 millionar til utbygging.

Oppland fylkeskommune og Innlandet fylkeskommune (frå 2020), har tildelt regionen nesten 12 millionar i støtte.

År	Kommune	Fylkeskommunal støtte	Statleg støtte
2015	Alle seks kommuner	0	Kr 15 300 000
2018	Alle seks kommuner	3 100 000	Kr 796 983
2019	Alle seks kommuner	6 000 000	Kr 2 915 455
2020	Sel	0	Kr 7 224 000
2021	Dovre, Lesja, Vågå	2 783 830	Kr 6 398 150
2022	Dovre, Vågå	0	Kr 3 740 000
2023	Dovre, Lesja, Lom, Vågå	56 632	Kr 2 963 368
2024	Dovre, Lesja, Lom, Sel, Vågå	0	Kr 9 472 000
2025	Lesja og Sel	0	Kr 4 409 990
<b>Totalt</b>		<b>11 940 962</b>	<b>53 219 946</b>

## Dekning 2025

Tal som viser dekning i kommunane ved starten av 2025 frå Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) viser at regionen ikkje er langt unna dei nasjonale måla. Merk at desse tala er rekna utifrå

det som er bustadar i matrikkelen, ikkje om det er fastbuande på adressa. Utbygging er gjort til fastbuande slik at reell prosent for dekning er truleg noko høgare.

Kommune	Tilgang eller utbygging 100 Mbit/s Nkoms dekningstal	Tilgang eller utbygging 100 Mbit/s ESTIMERTE TAL årsmelding 2024
Skjåk	99,40%	99,50%
Lom	99,60%	99,70%
Sel	98,30%	94,50%
Vågå	99,80%	99,70%
Dovre	99,60%	99,80%
Lesja	99,60%	99,50%

*Det er i hovudsak bygd ut fiber i regionen og dekninga på 1 Gbit/s vil derfor vera nesten tilsvarande.*

## Status på prosjekt

- Eidsiva Digital (tidl. Eidsiva Bredbånd) byggjer ut i Dovre, Lesja og Vågå med støttemidlar frå 2021. Her vart Dovre slutført i 2025, Vågå og Lesja er forseinka pga. fellesføring med Fjellnett og det har vore naudsynt med omlegging av prosjektplanar.
  - Eidsiva Bredbånd har og signert kontrakt på områda som fekk støtte i 2022 og 2023. Ein kontrakt i Lesja er kansellert då det var ingen sal. I Vågå fekk ikkje eit prosjekt tilbod og i eit anna slit ein med sal.
  - Prosjektet Bjølstad til Harilstad i Sel er allereie utbygd. Dei andre prosjekta med støtte frå 2024 har hatt utfordringar med tanke på sal. Det vart ikkje inngått kontrakt på eitt område pga kostnader og innbyggjar ønskja ikkje fiber.
- To prosjekt fekk støtte i 2025. Det kom tilbod på prosjekt i Sel, men ikkje i Lesja. Forhandlingar vart gjennomført i desember og kontrakt vert signert i januar 2026.

## Vidare planar

Det står att svært få husstandar og verksemder i regionen som det per i dag ikkje er konkrete planar for. IPR planlegg å senda søknad om breibandstøtte til Innlandet fylkeskommune i 2026 til utbygging til husstandane og verksemdene som framleis ikkje har tilbod om breiband med 1 Gbit/s, som er det nye nasjonale målet. Ordninga har ikkje lenger krav til at kommunane stiller med eigne finansielle midlar.

IPR meiner og at Nord-Gudbrandsdalregionen har høve til å nå det nasjonale målet om eit tilbod på 1 Gbit/s til alle innbyggjarane innan 2030.



Foto: Smelt Media

## 4.0 Satsningsområde 3- ATTRAKTIVITET

### 4.1. Arbeid og bustad

#### 4.1.1. Boligtorget i Nord-Gudbrandsdal

*Boligtorget i Nord-Gudbrandsdal er ei offisiell Facebook-gruppe som er administrert av Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal. Her kan dei som ønsker å selje eller leige ut ein bustad, og dei som er på utkikk etter ein stad å bu, enkelt koma i kontakt med kvarandre.*

#### **Kvifor Boligtorget Nord-Gudbrandsdal?**

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal arbeider aktivt med å gjere det enklare for tilflyttarar og andre å oppfylle bustadtraumen sin. Målet er at det skal bli enklare å finne seg ein stad å bu i Nord-Gudbrandsdalen.

#### **Kven kan bruke Boligtorget Nord-Gudbrandsdal?**

- Alle som har, eller kjem til å ha ein bustad til sal eller leige i Nord-Gudbrandsdalen
- Interessentar som er på utkikk etter å kjøpa eller leige ein bustad i Nord-Gudbrandsdalen
- Meklarar som formidlar bustader i Nord-Gudbrandsdalen
- Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal og kommunane i Nord-Gudbrandsdalen kan leggje ut informasjon om ledige tomter

#### **Korleis bruke Boligtorget Nord-Gudbrandsdal?**

- Finn «Boligtorget Nord-Gudbrandsdal» på Facebook og meld deg inn i gruppa
- Viss du skal selje/leige ut: Opprett ein post med informasjon om kva slags eigedom det er snakk om, dato for overtaking, prisforslag, plassering og informasjon om tilstand. Ei bustadannelse vekkjer nysgjerrigheit og er beskrivande for eigedomen. Det er tilrådd å leggje ved gode bilde av objektet som skal seljast/leigast ut
- Det er greitt å leggje ut om ein berre vurderer å selja eller leige ut
- Om du ynskjer å kjøpe/leige bustad: Lag ein post som beskriv kva du er på jakt etter, prisklasse, ynskje om beliggenheit, og ynskje om dato for flytting/overtaking

#### 4.1.2. «E æ aktiv, æ du?»

*Prosjektet starta opp i 2013 og har som mål å få etablert eit varig aktivitetstilbod for born og ungdom med ulike funksjonsnedsettingar og som treng tilrettelagt aktivitet.*

*Dette er eit aktivitetstilbod for ungar og ungdom i Nord-Gudbrandsdal med spesielle behov, og som fell utanfor anna organisert aktivitet. Grappa organiserer aktivitetsdagar, der målgruppa er barn og ungdom opp til 26 år i Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Dovre og Lesja.*

Dette er eit aktivitetstilbod for ungar og ungdom i Nord-Gudbrandsdal med spesielle behov, og som fell utanfor anna organisert aktivitet. Grappa organiserer aktivitetsdagar, der målgruppa er barn og ungdom opp til 26 år i Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Dovre og Lesja.

Prosjektet skal skape eit aktivitetstilbod for barna og ein møteplass for pårørande i alle 6 kommunane. Foreldre/føresette og sysken har difor også vore invitert med på aktivitetsdagane. Målet er at alle får ei positiv oppleving i eit fellesskap.

I 2025 arrangerte grappa 2 aktivitetar, men hadde lagt opp til 8 aktivitetar og 1 temakveld. Jamt over har det vore godt oppmøte på aktivitetane, noko som tydeleggjer at tilbodet er populært, kjent og etablert for målgruppa. I 2025 ble det lagt opp til fleire aktivitetar enn før.

Det har dei siste åra vore vanskeleg å rekruttera nye deltakarar. Me erfarer at dei nye er med på berre ein eller to aktivitetsdagar.

Grappa arbeider aktivt med å nå nye deltakarar både ved direkte kontakt, via samarbeidspartar og annonsering på Facebook.

I tillegg til aktivitetar, blir det arrangert temakveldar for foreldre/føresette. I 2025 skulle vi hatt en temakveld på Aktivitetshuset Otta. Men dette vart dessverre avlyst.

Me er samde om at grappa bør halda fram, men i ein annan regi og organisering. Halda fram med dei aktivitetane som har vore lettast å få nok påmelde: Riding og badeaktivitet. Ønskjer at kjelkehockey blir ein av dei faste aktivitetane når alt er på plass der med lagring, lokale og opplæring av medhjelparar. Me ønskjer å leggja til rette logistikken, slik at terskelen blir lågare for å delta frå avlasting og bufellesskap. Me ønskjer òg å involvera 6k helse for å prøva å få litt meir «tyngd».

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal har ansvar for oppfølging og leiing av prosjektet. Det er etablert ei arbeidsgruppe der det er foreldre til barn med spesielle behov, helsesjukepleiarar og kommunefysioterapeutar frå alle kommunane som deltek.

*Foto: Smelt Media*



Gruppa ynskjer å TAKKE Interkommunalt politisk råd for støtta vi mottek.

#### I 2025 vart desse aktivitetane planlagt arrangert:

19. januar	Bading i Skjåkhallen
16. februar	Kjelkehockey & Curling på Lalm
30. mars	Klatring i Vågåhallen
6. april	Aking, ski, leik & grilling i Botn, Skjåk v/DNT Gudbrandsdal
15. juni	Riding på Lesja
7. september	Dans på Toftemo
19. oktober	Innebandy på Otta
29. oktober	Temamøte for pårørende på Otta
9. november	Bading i Skjåkhallen

#### Arbeidsgruppa:

Elisabeth Lunde	Skjåk kommune
Anita Nyhus	Forelder Skjåk
Sivert Jonassen	Lom kommune
Hege Bestum	Vågå kommune
Kjersti Sørhaugen	Sel kommune
Cecilie Asp	Forelder Sel
Ingvild Haugom/ Elin Beate Galstad	Dovre kommune
Aasta K. Bjorli Bjølverud	Lesja kommune
Stian Høglie	Interkommunalt politisk råd
	Nord-Gudbrandsdal

#### 4.1.3. Stillings- og Læringsleppet/Jobbmesse



*Stillings- og læringsleppet har som mål å bidra til rekruttering og stabil busetjing i Nord-Gudbrandsdal. Gjennom auka synlegheit og marknadsføring av ledige stillingar skal tiltaket styrkje rekrutteringa til både private bedrifter og kommunale verksemdar. Arrangementet skal òg synleggjere breidda i arbeidslivet i regionen, samt rette merksemd mot lærlingplassar og yrkesfagutdanning.*

Stillings- og læringsleppet og jobbmessa vart gjennomført onsdag 5. februar 2025, med fleire aktivitetar på Otta gjennom heile dagen. Dagen starta med ein arbeidslivsdag for elevane ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule. Her deltok ni opplæringskontor og representantar frå næringsapparaten i regionen med informasjon og elevretta aktivitetar. Nytt av året var at ni universitet deltok og informerte avgangselevane om sine studietilbod.

Vidare på dagen vart det arrangert direkteending og nedteljing til stillings- og læringsleppet, som òg vart vist på storskjerm i kultursalen. Jobbmessa vart halde i regi av NAV, der 30 lokale bedrifter deltok. Det var god oppslutnad frå både jobbsøklarar og

framtidige lærlingar. Arrangementet la til rette for mange gode og konstruktive samtalar mellom deltakarane.

I 2025 vart det lyst ut totalt 450 ledige stillingar gjennom Stillingsleppet, samt 45 læreplassar gjennom Læringsleppet. Sommarjobbar stod for den største delen av utlysingane, med 220 stillingar. Det vart publisert 200 faste stillingar, noko som er ein økning samanlikna med 2024, då talet på faste stillingar var 100.

For marknadsføring av arrangementet i sosiale medium vart Smelt Media frå Vågå engasjert etter gjennomført anbudsrunde.



#### Arbeidsgruppa for stillings- og lærlingsleppet/jobbmessen i 2025 var:

Stian Høglien  
Anne Catrine Enstad  
Arne Mæhlum  
Torfinn Stenersen  
Live Brimi  
Linda Anette Sund  
Tea Caroline Mork  
Vibeke Bruun de Neergaard  
Bård-Atle Fuglum  
Merethe Olstad Sylte  
Lars Nyhus

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal  
Lesja kommune  
Dovre kommune  
Sel kommune  
Vågå kommune  
Lom kommune  
Skjåk kommune  
Representant for 9 opplæringskontor  
Nord-Gudbrandsdal Vidaregåande skule  
NAV  
Karriere Innlandet Gudbrandsdal





#### 4.1.4 Styrka frivilligheit i Nord-Gudbrandsdal

##### Forprosjekt: Frivilligheit og aktivitet i Nord-Gudbrandsdal

*Interkommunalt Politisk Råd Nord-Gudbrandsdal (IPR) har i perioden teke initiativ til eit forprosjekt for å belysa og møta utfordringar knytte til rekruttering, berekraft og aktivitetsnivå i det frivillige i regionen. Bakgrunnen var innspel frå frivillige organisasjonar i Lom og Skjåk om konsekvensar av demografiske endringar og auka belastning på frivillige.*

Prosjektet vart følgt opp gjennom dialog med kommuneadministrasjonane i Nord-Gudbrandsdal, Høgskolen i Innlandet, Innlandet fylkeskommune og Innlandet idrettskrins, leia av prosjektleiar for Universitetsregion i Nord-Gudbrandsdal. Forpro-

sjektet har hatt eigarskap i IPR, i tett samarbeid med det frivillige og regionale støtteaktørar. Kartlegging blant 28 frivillige organisasjonar i Sel og Vågå kommunar, og dessutan workshop og brei involvering. Dette resulterte i identifisering av



*Barna lager sine egne knivar hos Otta Knivklubb som hjelperar Foto: Smelt Media*



*Øving gjer meister  
med Otta Skolekorps  
Foto: Smelt Media*

sju moglege tiltak. Etter forankring i alle dei seks kommunane i regionen, vedtok IPR å prioritera eitt til to pilotprosjekt for vidare utprøving i perioden 2025–2026.

Pilotprosjektet blir organisert i samarbeid med lokale idrettslag og frivillige organisasjonar, med aktivitetskoordinator og kopling til idrettsfag ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skula. Erfaringane frå pilotane skal danna grunnlag for vurdering av vidare regional utrulling og eventuell innarbeiding i ordinær drift.

#### **Pilotprosjekt – Aktivitet og frivilligheit**

IPR Nord-Gudbrandsdal har sett i gang eit pilotprosjekt for å styrkja frivilligheit og inkludering gjennom gratis aktivitetstilbod for barn. Prosjektet

blir gjennomført som eit breitt samarbeid mellom Innlandet idrettskrets, Innlandet fylkeskommune, Otta Idrettslag, Sel Idrettsråd, Otta skule, Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skula, lokale lag og foreiningar, privat næringsliv og IPR.

Pilotprosjektet blir organisert med ein aktivitetskoordinator frå Otta idrettslag, med ansvar for koordinering av drift og samarbeid med frivillige aktørar og idrettsfagelevar ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skula. Idrettsfagelevar bidreg som aktivitetsleiarar, og prosjektet blir dokumentert gjennom film og foto i samarbeid med privat aktør.

Målsetjinga er å utnytta tidsrommet mellom skuleslutt og ordinære fritidsaktivitetar til å etablere gratis og inkluderande aktivitetsarenaer for barn. Tiltaket skal bidra til auka meistring og tilhørsele,





Otta Røde Kors Hjelpekorps instruerer barna  
Foto: Smelt Media



Mykje å lære hos Industri- og Teknologifaglinja ved Nord-Gudbrandsdal VGS. Foto: Smelt Media

førebygging av fysiske og psykiske helseutfordringar, og dessutan utjamning av sosiale helseforskjellar. Samtidig gir prosjektet lokale lag og foreiningar ein arena for synleggjering og rekruttering.

Målgruppa er elevar på 5.–7. trinn ved Otta skule. Aktivitetane blir gjennomførte éin ettermiddag i veka gjennom skuleåret, med felles bevertning og breidd i aktivitetstilbodet. Prosjektet blir gjennomført i tråd med gjeldande krav til foresattesamtykke, personvern og politiattest, og blir avslutta våren 2026 med ei felles markering. Erfaringane skal danna grunnlag for vurdering av vidareføring og eventuell oppskalering til fleire kommunar i regionen.

#### Arbeidsgruppe for aktivitet og frivillighet

Stian Høglie	Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal
Anne-Berit Ulsletten	Otta IL
Rolv Myrum	Otta IL
Rune Bjørnsrud	Sel Idrettsråd

## 4.2. Ung i Nasjonalparkriket

*Hovudmålet for Ung i Nasjonalparkriket er å skape aktivitetar som bidreg til å styrkje attraktiviteten i Nord-Gudbrandsdal gjennom å gjere det meir attraktivt å bu, leve, arbeide og utdanne seg i regionen. Satsinga skal gi ungdom trygge og inkluderande arenaer der dei kan uttrykkje kreativitet, utvikle egne interesser, få inspirasjon og bli motiverte til å vere aktive samfunnsdeltakarar.*

Ung i Nasjonalparkriket er forankra i Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal og blir gjennomført i tett samarbeid med kommunane og Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule. Tiltaka er i tråd med strategiane til både Innlandet fylkeskommune og Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal, og har som mål å bidra til framtidstru, identitet og tilknytning til eigen region.

### Viktige samarbeidspartnarar i 2025 har vore:

- Ungdomsråd og ungdomsrådssekretærar i kommunane
- Ungt Entreprenørskap Innlandet
- Ungdomsskular og vidaregåande skule i regionen
- Lokalt næringsliv og reiselivsaktørar

Nord-Gudbrandsdal er ein region med utfordringar knytt til folketalsutvikling, og Ung i Nasjonalparkriket har derfor hatt særleg merksemd på tiltak som styrkjer ungdom sitt engasjement, medverknad og kjennskap til moglegheiter i eigen region. Kommunane har hatt høve til å melde inn egne ungdomstiltak gjennom året, med påfølgjande enkel rapportering frå gjennomføring.

### 4.2.1. Ung i reiselivet

*Ung i reiselivet er eit samarbeidsprosjekt mellom Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, Opplæringskontoret Brimi-kjøken, Opplæringskontoret Gudbrandsdalen, Gudbrandsdalsmat, Interkommunalt politisk råd og lokale reiselivsbedrifter. Prosjektet har som mål å skape interesse for reiseliv, matfag og vertskap blant ungdomsskuleelevar, og å bidra til rekruttering til lokale fag- og yrkesutdanningar.*

I 2025 vart arbeidet vidareført gjennom planlegging og gjennomføring av aktivitetar som strekkjer seg over skuleåret 2025/2026. Tiltaka omfattar mellom anna utdanningsmesser, hospitering på vidaregåande skule, bedriftsbesøk og praktiske aktivitetar innan matfag og reiseliv.



*Ivrige «Ung i reiselivet»-deltakarar på «Ein draumedag i reiselivet» - hjå Arne Brimi og vertskapet hans på Vianvang. Foto: Ingrid Vorkinn*

Samla sett har Ung i Nasjonalparkriket i 2025 vore ei viktig plattform for å styrkje ungdomsengasjementet i Nord-Gudbrandsdal. Trass i noko lågare aktivitetsnivå som følgje av utskifting av personalressursar, er kjerneaktivitetane vidareførte, og arbeidet har lagt eit godt grunnlag for vidare utvikling av ungdomssatsinga i regionen.

Eit sentralt høgdepunkt er den årlege dagen på Vianvang hjå Arne Brimi, der elevane får arbeide saman med fagfolk og oppleve samanhengen mellom lokal mat, berekraft og vertskap. Prosjektet har vore godt mottatt og bidreg til stoltheit og auka medvit om moglegheiter innan reiselivsnæringa i regionen.

#### 4.2.2. Ung kultur Møtes (UKM)

UKM er eit interkommunalt samarbeid med eiga styringsgruppe, der Ung i Nasjonalparkriket bidreg med økonomisk støtte.

UKM-festivalen i Innlandet 2025 vart arrangert på Otta kulturhus 25.–27. april og samla ungdom frå alle seks kommunane i regionen. Festivalen omfatta eit breitt spekter av uttrykk innan musikk, dans, kunst og scenekunst, i tillegg til workshops og møteplassar for unge.

UKM er ein arena skapt av og for ungdom, og i tråd med dette vart unge vaksne nytta i sentrale roller i produksjonen. Festivalen bidreg til å løfte fram kreativitet, deltaking og fellesskap, og er ein viktig del av det regionale ungdomsarbeidet.

*Frå UKM-Festivalen i Innlandet 2025.  
Foto: Jertru Stallvik*



### 4.2.3. Regionmesse for elevbedrifter i Nord-Gudbrandsdal

Regionmessa for elevbedrifter i Nord-Gudbrandsdal vart arrangert 29. april i Otta kulturhus og ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule på Otta. Dette er et arrangement saman med Ungt Entreprenørskap Innlandet.

Det var rekordstor deltaking med 30 elevbedrifter og totalt 117 elevar frå Lesja, Dovre, Otta, Skjåk og Heidal.

Det vart sett saman fem ulike juryar beståande av representantar frå privat næringsliv og kommunane i regionen. Juryane vurderte elevbedriftene i fem kategoriar: beste team, beste kundeoppleving på stand, beste grønne entreprenør, nyskapingen og beste elevbedrift. Det vart delt ut første- og

andrepris i alle kategoriane.

Tre elevbedrifter kvalifiserte seg vidare til fylkesmessa på Hamar 27. mai. Desse elevbedriftene oppnådde fleire prisar, og Skjåk ost og smør EB frå Skjåk ungdomsskule vart kåra til beste elevbedrift i Innlandet og til beste kundeoppleving på stand.

Cervogic EB frå Otta ungdomsskule vart kåra til beste grønne entreprenør i fylket.

Vinnar av beste elevbedrift  
vart Skjåk ost og smør,  
både på region- og  
fylkesmeisterskapen.  
Foto: Ingrid Bergemillom



## 4.3 Medlemskap i nettverk

### 4.3.1. Fjellnettverket



*Fjellnettverket er eit politisk nettverk for fjellområda i Sør- og Midt-Noreg, og arbeider for levande og livskraftige fjellbygder. Nettverket er ein viktig pådrivar for politikk som skal sikre at ressursar og verdier i fjellområda gir grunnlag for utvikling, busetjing og trivsel.*

I 2025 har Fjellnettverket vore aktiv i nasjonalt interessepolitisk arbeid på vegne av fjellkommunane. Nettverket har levert fleire innspel til statsbudsjettet for 2026, mellom anna knytt til styrka beredskap og mobildekning, kompetanse og arbeidskraft i distrikta, samt vidareføring av verkemiddel for regional innovasjon. Vidare har Fjellnettverket gitt

høyringsvar til forslag om endringar i plan- og bygningslova, der konsekvensar for fjellområda har vore sentrale.

Gjennom medlemskapet i Fjellnettverket får kommunane i Nord-Gudbrandsdal ein felles arena for påverknad, erfaringsdeling og synleggjering av fjellkommunane sine interesser på nasjonalt nivå.

### 4.3.2 Ungt Entreprenørskap

Ungt Entreprenørskap er ein ideell, landsomfattande organisasjon som saman med utdanningssystemet, næringslivet og andre aktørar arbeider for å utvikle barn og unge sin kreativitet, skaparglede og tru på seg sjølv.

Organisasjonen er ein brubyggjar mellom skule og arbeidsliv.

Gjennom denne avtala ynskjer Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal og Ungt Entreprenørskap Innlandet å fremje kreativitet og entreprenørskap i skulen, samt knyte arbeidsliv og utdanning tettare saman. Avtala skal ivaretaast gjennom eit samarbeid om gjennomføring av Ungt Entreprenørskap sine program i skulane i den enkelte kommune.



# HelseINN

## 4.3.3. HelseINN

*HelseINN er ei ideell foreining og eit regionalt innovasjonsnettverk som samlar aktørar frå offentleg, privat og frivillig sektor. Nettverket arbeider for betre folkehelse og meir berekraftige helse- og omsorgstenester gjennom innovasjon, samhandling og kompetanseutvikling i Innlandet.*

I 2025 har HelseINN vore ein viktig samarbeidspartnar for kommunane i Nord-Gudbrandsdal, særleg innan helseteknologi, digitalisering og utvikling av nye tenestemodellar. Samarbeidet har mellom anna omfatta prosjekt- og prosessleiaring i arbeid knytt til digital heimeoppfølging, velferdsteknologi og regional samhandling. HelseINN har også hatt ei sentral rolle i fleire felles regionale prosessar i samarbeid med Digi Innlandet, mellom anna innan respons- og oppfølgingstenester.

Gjennom året har kommunane i Nord-Gudbrandsdal hatt tilgang til relevante møteplassar, fagdager og konferansar i regi av HelseINN, der innovasjon, samhandling og digital utvikling i helsetenestene

har stått i fokus. Dette har bidrege til erfaringsdeling, nettverksbygging og styrka kompetanse i regionen. Som partnarar i nettverket har kommunane hatt høve til både deltaking og synleggjering i desse arenaene. Desse tilboda har vore relevante for kommunane sitt arbeid med utvikling og implementering av nye løysingar, og har understøtta det systematiske arbeidet med endring og gevinstrealisering i regionen.

Medlemskapet i HelseINN har samla sett styrka Nord-Gudbrandsdal sitt arbeid med innovasjon og tenesteutvikling, og bidrege til tettare samarbeid mellom kommunar, regionale aktørar og fagmiljø i Innlandet.

*“Psykologisk trygghet”, fra fagdag med Mette Ødegård i Innolab. Foto: Randi Merethe Randen*



## 5. Regionalt samarbeid

### 5.1. Administrative samarbeidsorgan

*Det regionale samarbeidet i Nord-Gudbrandsdal er avhengig av fleire tett samverkande administrative arenaer. Kommunane i regionen har etablert ei rekkje faste samarbeidsfora på administrativt nivå, som spelar ei sentral rolle i utvikling, oppfølging og vurdering av interkommunale samarbeid. Foranene er ikkje vedtektsorgan.*

Mange av sakene som blir lagde fram for politisk behandling i både regionrådet og dei einssilde kommunestyra, er først drøfta i administrative samarbeidsorgan. Leiar for kommunedirektørutvalet deltek i møte i Interkommunalt politisk råd og arbeidsutvalet, medan dagleg leiar deltek i kommunedirektørutvalet og i 6K Næring. Dette bidreg til god samordning mellom administrativt og politisk nivå i regionen.

Dei administrative samarbeidsorgana som er særleg relevante for arbeidet i Interkommunalt politisk råd, er:

- Kommunedirektørforum
- 6K Helse
- 6K Næring
- 6K Oppvekst
- 6K Økonomi

Gjennom desse foraene blir det lagt til rette for felles forståing, koordinering og vidareutvikling av samarbeid på tvers av kommunane i Nord-Gudbrandsdal.

### 5.2. INSAM

*INSAM (handbok og viljeserklæring for interkommunalt samarbeid) er eit etablert rammeverk for systematisk samhandling mellom kommunane i Nord-Gudbrandsdal. I løpet av 2023 og 2024 vedtok kommunestyra i alle dei seks kommunane sin tilslutning til INSAM-handboka og viljeserklæringa, som konkretiserer kommunane sine rettar, ansvar og felles forventningar i vertskommunesamarbeid.*

Handboka legg til rette for fast struktur i samarbeidet gjennom kvartalsvise INSAM-møter der kommunedirektørane går systematisk gjennom rapportar frå vertskommunane og drøftar utvikling av tenestene saman med representantar frå samarbeidskommunane. Møta har ein fast agenda og er ein viktig møteplass for dialog, innspel og felles utvikling på tvers av tenesteområde.

I 2025 har INSAM-rapportering omfatta følgjande regionale samarbeid:

- Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter (NGLMS)
- Barnevernsvakt
- Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)
- NAV-gjeldsrådgiving
- GDPR/personvernombod

- Beredskapskoordinator, med Dovre kommune som vertskommune (nytt i 2025)

Det er gjennomført fire INSAM-møter i 2025 koordinert av Interkommunalt Politisk Råd Nord-Gudbrandsdalen. Frå og med 2025 har innovasjonsrådgjevaren ved regionkontoret hatt sekretærfunksjonen for INSAM-arbeidet.

Erfaringane med INSAM er positive. Gjennom den strukturerte møteserien har kommunane oppnådd betre samhandling, auka innsikt i tenesteproduksjon og meir forutsigbar dialog om vidareutvikling. Samarbeidskommunane har fått betre tilgang til relevant informasjon, medan vertskommunane har fått ei tydelegare ramme for involvering og faglege tilbakemeldingar. Dette har styrka tillit og samarbeid i dei interkommunale tenestene.

### 5.3. Interkommunalt samarbeid

Samarbeidstiltak	IPR	Dovre	Lesja	Lom	Sel	Skjåk	Vågå	Organisert	Merknad
Regionrådet								§ 18	Eget rettssubjekt
RegionData								§ 27	Eget styre
Gudbrandsdalsmusea AS								AS	Nord- og Midtdalen
Attraktivitet									Tilflytting og ungdom
UKM-Ung Kultur Møtes								Samarbeid	
Sekretariat for kontrollutvalga i Nord-Gudbrandsdalen								§ 27	Eget styre og rettssubjekt
Innlandet Revisjon								IKS	
NGR - Interkommunalt renovasjonsselskap								IKS	
Felles innkjøpskontor								Vertskommune	Vågå
NGLMS - herunder:								Vertskommune	Sel
Felles legevaktvarsling og alarmtjenester								Vertskommune	Sel
Regional legevakt								Vertskommune	Sel
Sengeavdeling med KAD og intermedære senger								Vertskommune	Sel
Felles jordmorkvakt								Vertskommune	Sel
Hjelpepersonell spesialister								Vertskommune	Sel
Kreftkoordinator								Prosjekt	Sel og Vågå
FACT								Samarbeid	Nav, DPS Lhmr
Helseregion								Partnerskap	SI
Karriere Innlandet Gudbrandsdal								Innlandet fylke	Nord- og Midtdalen
6 K: Helse, Oppvekst, Næring, Personal/økonomi, Landbruk								Samarbeid	Drøftingsorgan
Kommunedirektørnettverket								Samarbeid	Drøftingsorgan
Fjellnettverket, Ungt Entreprenørskap, HelseINN								Medlemskap	Regionrådet
Nasjonalparkkommuner og Nasjonalparklandsbyer								Forening	Norsk Fjellmuseum
NAV - Gjeldsrådgivning								Vertskommune	Sel
NAV - regional modell								Partnerskap	
Geodatasamarbeid - NGGIS								Vertskommune	Sel
PPT NG								Vertskommune	Sel
Nasjonalparkriket Reiseliv AS								AS	Samarbeidsavtaler
Eidefoss AS								AS	
Tilsyn i byggesaker								Vertskommune	Vågå (slutta 01.04)
IKA Opplandene								Oppgavefelleskap	
Gudbrandsdal Kriesesenter IKS								IKS	Lillehammer
GDPR								Vertskommune	§20-2 Lesja
Kulturskole								Vertskommune	Dovre
Kulturskole								Vertskommune	Skjåk
Barneverntjenesten								Vertskommune	Sel
Barneverntjenesten								Vertskommune	Lesja
Felles barnevernsvakt								Vertskommune	Sel
Brannvern								Vertskommune	Dovre
Brannvern								Midlert. avtale	Vågå og Sel
Brannvern								Vertskommune	Skjåk
Felles landbrukskontor								Vertskommune	Lesja
Felles landbrukskontor								Vertskommune	Skjåk
Felles landbrukskontor								Vertskommune	Vågå
Skogbrukssjef								samarbeid	Lesja
Skogbrukssjef								Samarbeid	Vågå
IT-tjenester								Vertskommune	Skjåk
Psykolog								Vertskommune	Lom
Psykolog								Vertskommune	Dovre
Psykiatritjeneste								Vertskommune	Lom
Felles kulturkalender								Samarbeid	
Jora Miljøstasjon								Vertskommune	Dovre
Feiervesen								Vertskommune	Dovre

## 6. Økonomiske nøkkeltall

### 6.1. Økonomi og bemanning

Driftstilskudd frå kommunane 2025 - etter folketal				
Kommune	Lik del	% andel	Etter folketal	Sum
Lom kommune	175 000	12,3	129 131	304 131
Vågå kommune	175 000	19,57	205 492	380 492
Sel kommune	175 000	31,33	328 973	503 973
Dovre kommune	175 000	13,94	146 372	321 372
Lesja kommune	175 000	10,96	115 036	290 036
Skjåk kommune	175 000	11,9	124 996	299 996
Kontrollsummer	1 050 000	100,00	1 050 000	2 100 000

Budsjett partnerskapsfondet. I tillegg legg Innlandet fylkeskommune inn kr 2,5 mill.				
	Lik del	%-andel	Etter folketal	Sum
Lom kommune	83 333	12,3	61 491	144 824
Vågå kommune	83 333	19,57	97 853	181 187
Sel kommune	83 333	31,33	156 654	239 987
Dovre kommune	83 333	13,94	69 701	153 034
Lesja kommune	83 333	10,96	54 779	138 112
Skjåk kommune	83 333	11,9	59 522	142 855
Kontrollsummer	500 000	100,00	500 000	1 000 000

Finansiering INSAM 2025	Lik del
Lom kommune	125 000
Vågå kommune	125 000
Sel kommune	125 000
Dovre kommune	125 000
Lesja kommune	125 000
Skjåk kommune	125 000
<b>SUM finansiering fra kommunene</b>	<b>750 000</b>
Partnerskapsfondet	250 000
<b>SUM finansiering</b>	<b>1 000 000</b>

Bemanning		
Navn	Stillingsstrl.	Kommentar
Ivar Vistekleiven	100%	Dagleg leiar fram til 15.10.25
Stian Høglien	100%	Regionkonsulent
Marita Aaheim	100%	Innovasjonsrådgiver Konstituert dagleg leiar frå 15.10.25-26.11.25 Dagleg leiar frå 26.11.25
Randi Merete Randen	100%	Praksiskoordinator 3- årig prosjektstilling
Irene Karin Nystuen	100%	Regionkonsulent fram til 01.07.25
Harald Sve Bjørndal		Regionrådsleiar



*Ansatte IPR 2026 frå venstre: dagleg leiar Marita Aaheim, regionkonsulent Stian Høglien, praksiskoordinator Nord-Gudbrandsdal Randi Merethe Randen. Foto: Tone Nygård Engemoen.*

## 6.2. Partnerskapsmidler

Nr	Prosjekt	Prosjektnummer	Tildeling 2025
1	Felles nærings samarbeid (6k)	272	
2	Utdanning og fagopplæring	Nytt	50 000
3	Nærings- og samfunnsmessig interessearbeid	206	200 000
4	Politisk interessearbeid	249	150 000
5	Gudbrandsdalstinget	278	
6	INSAM og innovasjonsrådgivning	298	250 000
7	Innovasjonsverksted Helse	299	200 000
8	Samferdsel	165	
9	Luftfart	Nytt	
10	Bredband	276	
11	Beredskap	Nytt	150 000
12	Attraktivitet (arbeid og bustad, folkehelse)	277	450 000
13	Stillings- og lærlingssleppet	289	280 000
14	Styrket frivillighet	292	
15	Ung i Nasjonalparkriket	233	270 000
16	Støtte til prioriterte arrangement	Ekstern	600 000
17	Medlemskap i nettverk	287	350 000
18	Daglig leder regionkontoret	1	550 000
<b>Totalt:</b>			<b>3 500 000</b>

## 7. Råd og utvalg

### 7.1. Representantskapet 2024-2027

Kommune	Navn medlem	Parti	Varamedlem	Parti
<b>Sel</b>				
	Eldri Siem	SP	Erling Lusæter	SP
			Semon Harestuen	SP
	Kjetil Eide	UAH	Rosoll Ali	SP
			Pål Kristian Moen	SP
	Monica Håskjold Eide	AP	Lars Blekastad	SV
			Marius Bismo	AP
<b>Lom</b>				
	Kristian Frisvold	BL	Sigrun Garmo	UAH
	Mari Synnøve Steinehaugen	UAH	Elin Husom	UAH
	Kjell Brandsar	LL	Ragnhild Sjurgard	SP
<b>Vågå</b>				
	Harald Sve Bjørndal	BL	Karola Wenzel	BL
	Kari Skjåkødegård	SP	Jostein Visdal	SP
	Gjermund Øihusom	AP	Björg Aaseng Vole	AP
<b>Dovre</b>				
	Magne Vorkinn	SP	Fred Arne Hessen	H
	Arnfinn Ruset	SP	Brynjar Berge	SP
	Ida Amble Ruge	AP	Oda Landheim	DL
<b>Skjåk</b>				
	Edel Kveen	SP	Roger Haugen	SP
	Kristen Haugen Dagsgard	SP	Mogunn Synstnes	SP
	Morten Kielland	BL	Bernt Dahl	BL
<b>Lesja</b>				
	Mariann Skotte	SP	Ellen Sørumgard Syse	UAH
	Audun Holsbrekken	H	Erling Lyftingsmo	SP
	Emil Nørstebø	AP	Gry Sletta	AP
<b>Innlandet fylkeskommune</b>				
	Vegard Riseng	H		
	Oluf Maurud	KRF		
	Kurt Ole Linn	Adm.		
<b>Kommunedirektørnettverket</b>				
	Kristin Rønn Gårderløkken	Leder	Kommunedirektør Sel kommune	
	Ivar Bø	Vara	Kommunedirektør Skjåk kommune	

## 7.2. Regionstyret

Medlem	Varamedlem	Kommune
Harald Sve Bjørndal, leiar	Aasta Røhr/ Kari Skjåkødegård	Vågå
Mariann Skotte, nestleiar	Audun Holsbrekken	Lesja
Magne Vorkinn	Arnfinn Ruset	Dovre
Eldri Siem	Kjetil Eide	Sel
Edel Kveen	Kristen Haugen Dagsgard	Skjåk
Kristian Frisvold	Bjørn Ola Aukrust/ Sigrun Garmo	Lom



Foto: Randi Merethe Randen.





Lesja  
kommune




Dovre  
kommune



Sel  
kommune



Vågå  
kommune



Lom  
kommune



Skjåk  
kommune



**Innlandet**  
fylkeskommune



**Interkommunalt  
politisk råd**

Nord-Gudbrandsdal

Skansen 7, 2670 Otta  
[www.nordgudbrandsdal.no](http://www.nordgudbrandsdal.no)